

NORSK KULTURRÅD

ÅRSMELDING

2001



INNHOLD

2

INNLEIING	3
VIGDIS MOE SKARSTEIN: ROM FOR KUNST	4
OLE JACOB BULL: MUSIKKEN	6
LITTERATUR OG TIDSSKRIFT	8
BILETKUNST OG KUNSTHANDVERK	10
MUSIKK	12
SCENEKUNST	16
KULTURVERN	18
KULTURBYGG OG ROM FOR KUNST	20
BARNE- OG UNGDOMSKULTUR	22
MOSAIKK	24
ANDRE FØREMÅL	26
UTGRIEILING	27
KONFERANSAR OG ÆRESPRIS	29
ASPIRANTORDNINGA	30
EUs KULTURPROGRAM	31
ADMINISTRASJONSUTGIFTER	32
RÅD, UTVAL OG ADMINISTRASJON	33
DISPONERING AV KULTURFONDET	37
LØYVINGAR OG INNKJØP	38
PUBLIKASJONAR	56

Redaktør: Christian Lund


Red.sekr.: Berit Berge

Omsetting: Torgeir Uishagen

Grafisk form: Måne lyst as

Trykk: Merkur Trykk as

Opplag: 3 000



INNLEIING

Norsk kulturråd har som hovudoppgåve å stimulere det profesjonelle kunstlivet, styrke kulturvern og gjøre kunst- og kulturverdiar tilgjengelege for så mange som mogeleg. Kulturrådet forvaltar Norsk kulturfond, er eit rådgivande organ for staten i kulturspørsmål og skal ta initiativ til nye kulturtiltak.

Norsk kulturfond er ein del av statskassa og skal brukast til kunst og kulturvern. Kulturrådet fordeler midlane i Kulturfondet, dels på grunnlag av dei mange tusen søknadene som kjem inn kvart år, og dels på område der rådet sjølv finn at det trengst ein særskilt innsats. Kulturrådet prioritærer større eingongstiltak og forsøksprosjekt som fell utanfor ordinære støtteordninga.

Medlemmene av Kulturrådet er oppnemnde av regjeringa og Stortinget for fire år om gongen. Rådet er i hovudsak sett saman av representantar for norsk kunst- og kulturliv og gir profesjonelle kunstnarar hove til å delta aktivt i kulturpolitikken. Det er oppnemnt nytt Kulturråd for perioden 2001–2004 med universitetsdirektør Vigdis Moe Skarstein som leiar.

Rådet arbeider med litteratur og tidsskrift, bilettekst og kunsthåndverk, musikk, scenekunst, kulturvern, kulturbygg og barne- og ungdomskultur. Rådet opprettar i tillegg eigne tidsavgrensa satsingsområde. Noverande satsingar er Rom for kunst (2000–2002) og Mens vi venter på operaen (2001–2003). Mosaikk – programmet for kunst og det fleirkulturelle samfunnet – blei avslutta i 2001 og er no innarbeidd i fagområda til rådet.

Kulturrådet har i tillegg delegert forvaltningsansvar for ein del faste kulturtiltak. Dette er det oversyn over i løvingslistene til dei ulike fagområda bak i årsmeldinga. Frå 2000 fekk Kulturrådet overført forvaltninga av fleire tilskottsortningar frå Rikskonsertane. Desse er omtala under musikk. Kulturrådet administrerer òg Statens utstillingsstipend og aspirantordninga og er nasjonalt kontaktpunkt for EUs kulturprogram Kultur 2000.

Sekretariatfunksjonen til Fond for lyd og bilete (tidlegare Norsk kassettavgiftsfond) og Statens kunstnarstipend (Utvalet for statens stipend og garantiinntekter for kunstnarar,) er administrativt knytt til, og samlokalisert med, Norsk kulturråd. Samanslåinga har ikkje ført til endring i ansvarsområda for Fond for lyd og bilete og Statens kunstnarstipend, som begge gir ut eigne årsmeldingar.

Administrasjonen til Kulturrådet held til i det gamle Militærhospitalet, ein freda trebygning på Grev Wedels plass i kvadraturen midt i Oslo.



ROM FOR KUNST

Rom for kunst var tema for Kulturrådets årskonferanse 2001 og er en god overskrift for alt det Kulturrådet jobber med: I vid forstand dreier det seg om å skape rom for kunst.

- Rom i betydningen å gjøre kunsten til en implisitt del av vår hverdag, påvirke vårt intellekt og prege vår mentalitet.
- Dette forutsetter at kunsten får fysiske rom, i form av bygninger og lokaler og at det finnes en infrastruktur for formidling, et nettverk som legger til rette og skaper sammenhenger.
- I vår tid er kunstens rom også et elektronisk nettverk. Kunstens rom i cyberspace – eller som cyberspace – er en utfordrende utvidelse av både rombegrepet og kunstbegrepet. Elektronikken gir nye muligheter for formidling – men kan bli en begrensning dersom det fører til ensretting, f.eks. gjennom ensidig monopolisering og språklig forflatning.

Det å gi rom for å tenke kunst, og på hva som er kunstens egenart og mangfold, er en forutsetning for å planlegge de riktige formidlingsrammene. Det filosofiske spørsmål om kunstens forhold til estetiske og sosiale rom er også viktig i seg selv.

En av Kulturrådets mange utfordringer er å finne balansen mellom det å fremme kunst som estetiske uttrykk, og å se de ulike kunstformer i en videre kulturpolitiske sammenheng. Det er en spennende og utfordrende balanse, ikke minst i

forhold til diskusjonen om hvilke bygg eller rom vi skal ha for kunstformidling. Ut fra et ideal om at geografisk nærhet er et viktig element i kunst- og kulturformidling, har vi i en lang periode i Norge prioritert støtte til allmenne lokale og regionale kulturbrygg. Det er ingen tvil om at denne satsingen har økt tilgjengeligheten for opplevelse av god kunst. Men disse byggene, som skal gi rom for mange ulike kunstarter, kan ikke være tilpasset behovet til enhver uttrykksform.

Det er også en kjennsgjerning at mange kulturbrygg strever med økonomiske problemer fordi driftstilskuddene er for små eller markedet for lite. Kanskje vi må spørre om når vi skal flytte på kunsten og når vi skal flytte på publikum? Selv om jeg har sans for idelet om ”hver bygd sitt kulturhus”, tror jeg også mange er villige til å reise lengre enn før for å oppleve kunst i rom som er tilpasset den enkelte kunstform, enten det er scenekunst, musikk eller billedkunst.

Samtidig endres kunstuttrykkene, og endringene stiller nye krav til infrastrukturen. Kunstens fysiske rom kan ikke vurderes isolert fra uttrykkene som vises, og bl.a. i det virtuelle rom kan selve rommet smelte sammen med og være selve uttrykket. Ut fra mange aspekter blir derfor tilrettelegging av kunstens infrastruktur et tema med økt vekt i kunst- og kulturpolitikken.

Kulturrådet har gjennom prosjektet *Rom for kunst*, som ble etablert i 2000, ønsket å gå aktivt inn i problemstillinger knyttet til formidling og distribusjon av prosjektbasert kunst. Satsingen har en avsetning på 15 millioner kroner fordelt på tre år. Prosjektet baserer seg på en erkjennelse av at ofentlige kulturinstitusjoner både lokalt og nasjonalt i begrenset grad forholder seg til ”frie” kunstuttrykk. Rammebetingelsene gir lite rom for eksperimentering eller orientering i retning av det ukjente eller spesialiserte – og bidrar derfor indirekte til å marginalisere en rekke uttrykksformer innen samtidskunsten.

Med *Rom for kunst* ønsker Kulturrådet å bidra til at kunstnere kan initiere og realisere sine prosjekter også utenfor etablerte institusjoner, og bidra til prosjektbasert kunst som i stor grad har utprøvende, fleksibel og uforutsigbar karakter.


Det blir spennende å se når prøveperioden er over, om prosjektet har bidratt til nytenking, og om det vil gi oss kunnskap om hvordan vi kan få en kunstnerisk infrastruktur som er bedre fordelt mellom kunstarter og kunstneriske uttrykk, enn det vi har i dag. Men skal vi kunne vurdere dette, må vi samtidig med de definerte prosjektene ha en løpende debatt om hvilke kulturelle effekter den offentlige satsingen på kulturbrygg har hatt for kulturlivet og kunsten. Samlet fordeles ca. 50 millioner kroner til kulturbrygg hvert år, gjennom ordninger i Kultur- og kirkedepartementet og Kulturrådet. Disse ordningene skal evalueres med fokus på kulturell effekt. Hvor velegnet er institusjonenes bygninger og de lokale og regionale flerbruksanleggene til å fange opp infrastrukturbehovene for dagens – og morgendagens – kunstneriske ytringsformer? Hvilken betydning har ny teknologi når det gjelder å produsere virtuelle rom for kunstproduksjon og kunstformidling?

Disse spørsmålene har også stått sentralt når Kulturrådet har laget virksomhetsplan for årene fremover. Som en videreutvikling av diskusjonen om infrastruktur, vil vi i den kommende perioden bl.a. fokusere på arrangør- og produsentleddet. Det blir en stor utfordring – også fordi det må sees i både lokalt og globalt perspektiv.

Vigdis Moe Skarstein
Leder



Foto: Mimsy Møller



MUSIKKEN – NYE UTFORDRINGER FOR KULTURRÅDET

Fra og med 2000 ble forvaltningsansvaret for en rekke musikktiltak overført fra Rikskonsertene til Kulturrådet. Støtteordningen for musikkfestivaler, Innkjøpsordningen for fonogrammer, Tilskudd til lokale musikkinitiativ og Turné-, festival- og transportstøtten bidro til å trekke deler av den rytmiske populærmusikken (pop og rock) inn som en eksplisitt del av Kulturrådets ansvarsområde. Dette skapte en ny situasjon for rådets engasjement på musikkområdet.

Først i 2001 fant disse ordningene en forankring innenfor rådets organer, og sjangermessig representerer de musikkuttrykk som innebærer både kontinuitet og brudd i forhold til det som har vært betraktet som Kulturrådets ansvarsområde. På den ene siden kan de sies å utgjøre en logisk videreføring av arbeidet med folkemusikk og rytmisk musikk, på den andre siden fører ordningene oss i kontakt med en bransje som tradisjonelt har fått annen offentlig finansiering enn Kulturfondet.

For Kulturrådet er kulturforskjellene innenfor musikkområdet en utfordring. Når det i dag foregår en tilnærming mellom musikkuttrykk fra ulike sjangermessige, sosiale og geografiske utgangspunkter, henger dette bl.a. sammen med områdets internasjonalisering. For Kulturrådet blir det viktig å gjøre seg kjent med musikkfaglige, formidlingsmessige og kulturpolitiske sider ved denne utviklingen.

På denne bakgrunn imøteser vi den store populærmusikkutredningen som skal levere sin innstilling før sommeren 2002. Innenfor en kontekst preget av kulturelt mangfold skal en forskergruppe se nærmere på populærmusikkfeltet i en bredt anlagt undersøkelse. Dette vil bidra til en oppgradering av feltet i offentligheten og forhåpentligvis legge grunnlaget for kulturpolitisk nytenkning. Deler av rock og popmusikken utgjør en spennende musikalsk smeltedigel som har krav på den samme oppmerksomheten som andre samtidsuttrykk innen kulturlivet. Det er viktig at interessen for å få utredet denne delen av musikkfeltet ikke oppfattes som ”finkulturens klamme hånd” av aktørene, men som et initiativ for en fornyelse av kulturpolitikken.

I den grad Kulturrådet skal ha et ansvar for rock og pop, vil rådet legge vekt på å utvikle forvaltningsformer som er tilpasset behovene på feltet. Ulike typer av kvalitetsvurderinger vil måtte inngå i håndteringen når det er knappe offentlige kulturmider som skal forvaltes, men det faglige



grunnlaget for vurderingene må selvsagt bygge på disse musikkuttrykkenes egne premisser. Kulturrådet er opptatt av at musikken utvikler seg og kvalitet oppstår uavhengig av sjanger, og at de ulike uttrykkene har ulike forutsetninger for å lykkes innenfor forskjellige systemer. Derfor vil formidlingsarenaene være et viktig satsingsområde i årene som kommer.

Alle de ulike aktørene på musikkfeltet pendler i dag mellom institusjoner, markeder og det frie kunstfeltet. Økonomien er radikalt forskjellig innenfor disse tre sfærene, og ca. 85 % av de statlige musikkmidlene havner hos institusjonene. Ved siden av å være en del av markedet, vil populærmusikken være en del av det frie feltet. Den kanskje mest grunnleggende utfordringen er å styrke økonomien i dette feltet og sørge for at også populærmusikken får sin del.

I året som gikk kom en utredning omkring folkemusikk og folkedans. Fra før foreligger det utredninger av jazzfeltet og orkesterinstitusjonene. La oss håpe at vi snart ser konturene av en helhetlig offentlig politikk på musikkområdet der også pop og rock inngår.

Ole Jacob Bull
Direktør



Foto: Mimsy Møller

LITTERATUR OG TIDSSKRIFT

Løyvingane frå Norsk kulturråd til litteratur går først og fremst gjennom dei faste tilskottsordningane for ulike boksjangrar. Litteraturområdet er derfor meir institusjonalisert enn dei andre saksområda i Kulturrådet. Dei frie midlane som stod til disposisjon i 2001, i alt vel 2,4 millionar kroner, gjekk i hovudsak til nokre større formidlingsprosjekt – retta mot barn og ungdom, til særskilde bokutgivingar, omsetjing av manus skrivne av forfattarar med annan språkbakgrunn enn norsk, og til arrangement under litteraturfestivalar, seminar og liknande rundt om i landet.

INNKJØPSORDNINGANE I RØRSLE

2001 blei òg eit travelt år for alle som arbeider med innkjøpsordningane. Avtaleane for praktisering av ordningane blei reviserte i januar, og frå 1. februar blei det innført nye reglar for handsaming av søknader om innkjøp frå uorganiserte forlag. Med nye produksjonsmetodar for bøker, først og fremst trykking etter tinging – opplevde Kulturrådet året før at det blei nytta som «litterær konsulent» for nye, uorganiserte forlag. For at dette ikkje skulle bli vanleg, innførte rådet ei øvre grense på tre påmølle titlar og innbetaling av eit beløp som blir refundert dersom boka blir innkjøpt. Første halvår av 2001 blei elles nytta til å diskutere budsjett for 2002 med avtalepartane, større fleksibilitet i disponeringa av bøkene og kortare lagringsplikt i biblioteka, korleis forлага skal bli meir opne for forfattarar som ikkje skriv på norsk og korleis ein bør arbeide med gjendiktingar.

Sommaren og hausten 2001 blei innkjøpsordningane nok ein gong tema for sterke mediediskusjonar. I tidsskriftet «Prosa», som Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening gir ut, sto det først ein leiarartikkkel som tok til orde for at dei skjønnlitterære forfattarane måtte dele ordninga med fagbokfforfattarane, slik at det kunne bli rom for sakprosaen òg. Tre artiklar i det neste nummeret av bladet gav ulike vurderingar av situasjonen for ny norsk sakprosa og ulikt syn på kor-

naudsynt det er med ei offentleg støtteordning for faglitteraturen. Det blei – ikkje uventa – mange avisinnlegg og møte mellom dei skjønnlitterære forfattarforeiningane og representantar for faglitteraturen etterpå.

UTGREIINGAR OM LITTERATUR

I oktober la rådet så fram heile tre rapportar i det store utgreiingsarbeidet Strukturendringar i bokbransjen. Anton Fjeldstad skrev *Å sette pris på bøker. Om prissystema for bøker i ein del europeiske land*, som eit grunnlag for å kunne meine noko om ulike system dersom Bransjeavtalen skulle falle bort. Geir Vestheims rapport *Ni liv* og Halfdan W. Freihows *Den edle hensikt – helliger den midlene?* tok føre seg innkjøpsordningane og korleis dei har fungert og verkar i dag. Meir om innhaldet fins under Utgreiing. Freihow var i si vurdering av ordningane samd med dei faglitterære forfattarane eit stykke på veg, og nye avisinnlegg fram mot jul tok særleg føre seg framleget om å opne ordninga for vaksenlitteratur for sakprosa/faglitteratur, og korleis rådet eventuelt kan skaffe midlar til nye tiltak. Kulturrådet skal diskutere framlegga frå utgreiarane våren 2002. Ei siste utgreiing, som berre ligg på nettet, er Knut Leikvams *Ebokteknologi*, som er ein del av det større prosjekter «Ebøker i Norge».

TEIKNESERIAR – EI TIÅRIG SATSING

Kulturrådet si langsiktige satsing på nye norske kvalitetsseriar viser seg no både heime og ute. I Noreg har svært mange aviser siste året skifta ut reprisane av Dagros og Professor Tanke med Nem og Pondus. Pondus-figuren til Frode Øverli er òg populær i nabolanda, og i store serieland som Frankrike og USA haustar Mjau-skaparen Jason, alias John Arne Sæterøy, strålende kritikkar og prisnominasjoner. Talet på norske serieskaparar som satsar profesjonelt ser ut til å auke. Det er å ønske at fleire satsar på å lage gode seriar for barn, noko Norsk Barneblad med teiknaren Håkon Åsnes for tida stort sett er åleine om, ved sidan av Bjørn Ouslands nytolkning av norske folkeeventyr. Når det gjeld formidling, ser vi òg ei svært positiv utvikling. Det nye Serietaket, filial under Deichmanske Bibliotek i Oslo, vil truleg bli ei viktig kompetansekjelde også for lærarar, bibliotekarar og andre. Filialen held høgt aktivitetsnivå og ser ut til å treffe publikum, med utstillingar og kurs for alle aldersgrupper. Ein annan gledeleg ressurs er Norsk Tegneseriemuseum, som nyopna hausten 2001 i store lokale på Brandbu, Hadeland. Med Raptus Internasjonale Tegneseriefestival etter kvart godt etablert i Bergen i tillegg, har seriemiljøet fått heilt andre vilkår for formidling, fornying og samarbeid.

GOD LITTERATUR SKAL NÅ SÅ MANGE SOM MOGELEG

«Millit» – Litteratur i militæret – avslutta på vårparten samarbeidsprosjektet i Rena leir, med kurs i filmarbeid og praktisk manusskriving. Dette kurset blei òg brukt som opningskurs då prosjektet i august flytte til Målselv og Heggelia garnison. Før jul følgde neste steg, skrivekurs med den krigs-



«Inn i teksten» har gitt barn og unge ei ny oppleving av litteraturen si verd. Ikkje minst fordi forfattarar som Gro Dahle har vore døropnarar. Norsk barnebokinstitutt står bak og prosjektet er støttet av Norsk kulturråd.
Foto: Mariånn Lillevangstu



erfarne forfattaren Henrik Hovland. I denne nye delen av «Millit», eit militært-sivilt forsøk Kulturrådet driv saman med Statens bibliotektilsyn og Forsvarets Overkommando, er den vidaregåande skolen i bygda òg involvert.

Prosjekter «Mosaikk – litteratur» tek sikte på å spreie ein del av verdsliteraturen som ikkje er så kjend i Noreg, ut til biblioteka gjennom innkjøpsordninga for omsett litteratur. Etter at kompetente personar med annan språkbakgrunn enn norsk hadde kome med framlegg til sentrale verk frå eigne språkområde, blei forlag inviterte til å ta del i prosjektet, men med sjølvklår rett til å velje kva for bøker dei ønskjer å omsette. Så langt har prosjektet ført til vedtekne innkjøp av sju titlar: ein frå kurdisk, ein frå urdu, fire frå persisk og ein frå arabisk/fransk, men Kulturrådet ønskjer seg endå fleire bøker innanfor dette prosjektet.

«Inn i teksten» heiter det vellukka prosjektet i Agder-fylka som har hatt elevar, lærarar og bibliotekarar som målgruppe. Korleis skal ein greie å ha oversyn over all den nye barnelitteraturen og korleis bør ein formidle denne til dei unge? Desse spørsmåla har Norsk barnebokinstitutt sett seg føre å svare på gjennom å gi norsklærarar på mellomtrinnet på seks skolar høve til å lese og studere dei nye bokene. Førelesningar, forfattarbesøk, diskusjonsgrupper o.a. gir høve til å fordjupe seg, og elevane får både inspirerte lærarar og blir klokare sjølve!

ÅRET I TAL – LITTERATUR

Avsetjing 2001	kr 71 286 000
(2000:	kr 69 210 000)

Søknader	226
(2000:	196)

Samla søknadssum	kr 12 405 421
(2000:	kr 12 555 234)

MIDLANE BLEI NYTTA SLIK:

Innkjøpsordninga, vaksne	kr 34 000 000
Innkjøpsordninga, barn/unge	kr 23 000 000
Innkjøpsordninga, omsetjingar	kr 4 000 000
Innkjøpsordninga, fagbøker for barn/unge	kr 3 400 000
Biletbøker for barn	kr 1 100 000
Andre tiltak barnelitteratur	kr 900 000
Teikneseriar	kr 810 000
Klassikarstøtte	kr 600 000
Nynorsk litteratur	kr 1 400 000
Omsetjarbonus	kr 500 000
Andre litteraturtiltak	kr 1 576 000

Sum	kr 71 286 000
------------	----------------------

ÅRET I TAL – TIDSSKRIFT

Avsetjing 2001	kr 2 513 000
(2000:	kr 2 440 000)

Søknader	65
(2000:	55)

Samla søknadssum	4 920 364
(2000:	6 004 800)

Sjå elles oversikt over løyvingar og innkjøp bak i årsmeldinga

BILETKUNST OG KUNSTHANDVERK

10

Norsk kulturråd har som mål å stimulere til skapande verksamhet innanfor bilettekunst, kunsthandverk og kunstnarleg fotografi, medverke til å gjøre kunsten tilgjengeleg for publikum og stimulere til bevaring av bilettekunst, kunsthandverk og kunstnarleg fotografi.

STØRRE KUNSTMØNSTRINGAR

Den største utstillingssatsingen for Norsk kulturråd i 2001 var *UKS-biennalen*, med arrangement fleire stader, i Noreg så vel som i utlandet. Kulturrådet støtta biennalen med kr 500 000. Biennalen peikte ut fire kuratorar som valde ikkje å binde kunstnarane til ein tematikk, men la vekt på at kunstverka skulle presenterast i ulike omgivnader som kommuniserte med dei einskilde verka. Romsituasjonane var ulike både geografisk og idémessig; med utsjøen og gallerirom i stadspesifikke og prosjektselvstendige samanhengar. Biennalen blei dokumentert, og den visuelle dokumentasjonen supplert med tekst i bokform der kunstnarar blei inviterte til å laga eigne verk spesielt til denne. Av andre større løvingar kan nemnast kr 200 000 til kunstnarsymposiet «Mine» i Folldal, arrangert av Kunstbanken i Hamar. Symposiet samla norske og tyske kunstnarar over tre veker sommaren 2001. Utgangspunktet var det stadspesifikke temaet gruve drift: sosialt, topografisk, kulturelt og industrihistorisk, og det heile blei avslutta med ei utstilling frå workshopen. Eit anna prosjekt, Risør kunstforums workshop «Prosess», fekk kr 150 000. Her var 15 keramikkar med på fagseminar, vising av arbeid frå workshopen og bygging av ein vedfyrt, keramisk omn som er den einaste i sitt slag i Noreg.

INNKJØPSORDNINGA FOR SAMTIDSKUNST

Norsk kulturråd gjennomførte i 1998–2000 ei omlegging av innkjøpsordninga for samtidskunst, med ny komitéstruktur og monaleg auka innkjøpsbudsjett. Det blei oppnemnt ein innkjøpskomite for 2000–2002. Deretter skal nyordninga evaluerast. I 2001 kjøpte komiteen 57 verk. Dei innkjøpte verka går til offentlege kunstsamlingar rundt i landet. I tillegg dekkjer den økonomiske ramma administrasjonskostnadene for ordninga.

KUNST OG NY TEKNOLOGI

For å følgje opp ei prøveordning 1998–2000 er det frå 2001 sett av midlar til kunst og ny teknologi både under bilettekunst- og scenekunstavsetjinga. Støtta skal først og fremst stimulere til utvikling av nye kunstuttrykk ved hjelp av ny teknologi, men kunstformidling som nyttar ny teknologi kan også få støtte. Midlane i bilettekunstavsetjinga gjeld tverrfaglege prosjekt innanfor alle kunstartane utanom scenekunst. Av større satsingar i 2001 kan nemnast at kr 350 000 gjekk til eit prosjekt med utvikling av kuratorkompetanse for elektronisk baserte utstillingsprosjekt og kr 250 000 til kunstfestivalen ArcArt02 i Tromsø.

PNEK – PRODUKSJONSNETTVERK FOR ELEKTRONISK BASERT KUNST

Norsk kulturråd fekk i 1999 laga utgreiinga *Skjønnheten og utstyret* om produksjonstilhøva for elektronisk basert bilettekunst. Rapporten kom med framlegg om eit nettverk for samarbeid mellom ulike produksjonsstader, med kulturrådsstøtte i ein femårig forsøksperiode. I 2000 blei det løyvd oppstartningsstøtte til eit forsøksprosjekt med Atelier Nord i Oslo, BEK (Bergen sentrum for elektronisk kunst) og TopFloor Lademoen kunstnarverkstader i Trondheim som deltarar, og med NOTAM i Oslo kopla til. Kulturrådet løyvde for 2001 to millionar kroner til første prøvedriftsår av midlar til Andre formål. Samstundes heldt rådet i 2001 fram med satsinga på teknologisk opprusting av dei dårlegast stilte verkstadene. BEK fekk kr 700 000 og TopFloor kr 500 000 av midlar til Bilettekunst.

DEBUTANTSTØTTE OG UTSTYRSSTØTTE

Debutant- og utstyrsstøtteordningane for bilettekunstnarar, kunsthandverkarar og fotografar blei i 1999 førde attende til Kulturrådet etter å ha vore forvalta av Norske billedkunstnere, Norske kunsthåndverkere og Forbundet Frie Fotografer sidan 1992. I 2001 var avsetjinga til utstyrsstøtte på kr 1 350 000. Til saman kom det inn 262 søknader og 105 søknader fekk tilskott. Avsetjinga til debutantstøtte var på kr 830 000. Det kom inn 88 søknader og 75 søknader fekk tilskott.

UTSTILLINGSSTIPEND

Statens utstillingsstipend for bilettekunstnarar, kunsthandverkarar og frie fotografar blir administrert av Norsk kulturråd som ei delegert forvaltningsoppgåve frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Målet med utstillingsstipendet er å gi bilettekunstnarar, kunsthandverkarar og kunstfotografar betre forhold i arbeidet med utstillingar. Stipendet er meint å heve kvaliteten og styrke profesjonaliteten i utstillingsverksemda i kommunar og fylke og gjeld offentleg tilgjengelege separat- eller gruppeutstillinger.

Statens utstillingsstipend var i 2001 på 3,8 millionar kroner. Det kom inn 232 søknader og 112 kunstnarar fekk stipend.



Kunstnarsymposiet i Folldal 2001 samla til saman 18 kunstnarar. Resultatet blei ei utstilling som sto heile sommaren. Dette er Tina Mareen Buddebergs verk – ein mikrofon skjult i fjellet og ein tuba som kringkasta lyden: publikums song eller kviskring, blanda med naturens eigne lydar. «Mine» er eit samarbeidsprosjekt mellom Stiftelsen Folldal gruver, Kunstabanken Hedmark Kunstsenter og Folldal kommune, støtta av Norsk kulturråd. Foto: Tina Mareen Buddeberg

ÅRET I TAL

Avsetjing 2001	kr 12 535 000
(2000: kr 9 846 000)	

Søknader	708
(2000: 746)	

Samla søknadssum	kr 54 326 784
(2000: kr 50 482 538)	

MIDLANE BLEI NYTTA SLIK:

Innkjøpsordninga for samtidskunst og kunsthandverk	kr 2 100 000
-------------------------------------------------------	--------------

Debutantstøtte og utstyrsstøtte til biletkunstnarar, kunsthandverkarar og fotografar	kr 2 180 000
--------------------------------------------------------------------------------------------	--------------

Manifesta, utgreiingsgruppe	kr 200 000
-----------------------------	------------

Kunst og ny teknologi	kr 2 266 000
-----------------------	--------------

Andre tiltak biletkunst og kunsthandverk: Utstillingar og visningsretta prosjekt	kr 2 492 000
-------------------------------------------------------------------------------------	--------------

Utstillingsutstyr	kr 35 000
-------------------	-----------

Publikasjonar	kr 925 000
---------------	------------

Biletkunsten og det fleirkulturelle	kr 252 000
-------------------------------------	------------

Diverse tiltak	kr 2 085 000
----------------	--------------

Sum	kr 12 535 000
------------	----------------------

Midlar overførde til prosjektet «Rom for kunst»	kr 200 000
----------------------------------------------------	------------

STATENS UTSTILLINGSSTIPEND	kr 3 800 000
-----------------------------------	---------------------

Sjå elles oversikt over løvingar og innkjøp bak i årsmeldinga

MUSIKK

12

Den statlege kulturpolitikken på musikkområdet er i all hovudsak retta mot institusjonar med eit dominerande klassisk repertoar. Det blir likevel òg gitt tilskott til ei rekke andre musikkformål og til eit stort spekter av organisasjonar og lokale og regionale institusjonar som i større grad opererer innanfor det «frie kunstfeltet». Fleire av tilskotta til desse verksemndene blir i dag forvalta av Kulturrådet. I dette kulturpolitiske landskapet er det ei overordna oppgåve for Kulturrådet å komplettere dei andre statlege verksemndene på musikkfeltet.

Hovudmåla for Norsk kulturråd på musikkområdet er å støtte skapande og utøvande verksemd av høg kunstnarisk kvalitet og å vere med på å verne og gjere tilgjengeleg musikkhistoria i Noreg. Kulturrådet utviklar kvalitet innanfor formidling ved å gi tilskott til prosjekt og einskildtiltak som er fagleg forankra og som er nyskapande på sitt område og innanfor sin sjanger.

Det er ei utfordring å stå overfor den kunstnariske breidda og kvaliteten i det skapande og utøvande musikklivet i Noreg. Endringar på dette feltet viser seg m.a. ved at ulike arrangørar blir stadig meir medvitne om kor viktig det er med programering og nye formidlingsformer. Dette er med på å gjere ny musikk tilgjengeleg for nye publikumsgrupper.

TINGINGSVERK

Kulturrådet har i ei rekke år gitt støtte til mange tingingsverk. Dette har ført til ein monaleg auke i oppdragsmengd, og ei langt større breidd i typen verk, både når det gjeld instrumentering og bruk av teknologiske verkemiddel.

Komposisjonsmusikken er inne i ei spennande utvikling gjennom eit stadig meir aktivt utvekslingsforhold mellom dei ulike sjangrane, dvs. mellom orkester- og kunstmusikken og rytmiske sjangrar som jazz og folkemusikk. Kulturrådet ser det som viktig å gi denne utviklinga høve til vidare utvikling.

Kulturrådet gir tilskott til tingingsverk til organisasjonar, orkester/ensemble og konserterande solistar. Det blir lagt vekt

på nyskapning og høg kvalitet. Høve til ombruk er ein viktig faktor, vidare at musikken blir gjort tilgjengeleg for flest mogeleg. Tingingsverk som involverer barn og unge, gjerne i samarbeid med profesjonelle, har òg vore ei viktig prioritering. Døme på dette er løyving til EPTA-Norway, ny norsk musikk for barn på mellomtrinnet og Bertil Palmar Johansen – symfonisk verk for profesjonelle, amatorar og skoleelevar.

MUSIKKDRAMATIKK

Kulturrådet ser det som ei viktig oppgåve å initiere nye musikkdramatiske verk. Ved å gi utviklingsmidlar til komponistar, får desse høve til å skape nye verk i samarbeid med librettistar og eit scenisk miljø. Produksjon av profesjonelt samtidsbasert musikkdramatikk blir vurdert som kunstnarisk, organisatorisk og økonomisk svært krevjande. Satsinga «Mens vi venter på operaen» medverkar til å produsere nyskrivne verk i Noreg og å presentere internasjonal musikkdramatikk frå det siste hundreåret. (Sjå Scenekunst)

MUSIKKENSEMBLE

Norsk kulturråd gir tilskott til musikkensemble innanfor ulike sjangrar som gjennom verksemda si har vist eit stort kunstnarisk potensiale. Auken av breidd og kvalitet innanfor musikkensemble har skapt nye høve til å framføre ny musikk og utvida kompetansen i utøvarfeltet.

Tilskott til musikkensemble blir gitt gjennom to ordningar. Totalt 14 millionar kroner er fordelt på 42 musikkensemble i 2001 (6 millionar kroner i prosjektstøtte og 8 millionar kroner til faste einskildtiltak). Det er framleis stor skilnad på tilskottsnivået til ensemblea som tek mot «faste» tilskott og ensemblea som får prosjektstøtte frå Kulturrådet. Før rådet kan samordne tilskotta til musikkensemble (einskildtiltak) og ensemblestøtta (prosjektstøtte) til *ei* ordning, er det eit mål å utlikne tilskottsnivået.

Norsk kulturråd har på vegner av Kultur- og kyrkjedepartementet sett i gang ei utgreiing av dei frie profesjonelle musikkensemblea. Formålet er å kaste lys over feltet og å betre grunnlaget for arbeidet staten og Kulturrådet gjer i høve til dei ikkje-institusjonelle ensemblea.

TIJSKOTT TIL MUSIKKFESTIVALAR

Musikkfestivalane er viktige formidlarar av eit breitt spekter av ensemble, musikksgjengar og uttrykk som i mindre grad blir teke vare på av dei institusjonelle arrangørane på musikkfeltet. Festivalar som får tilskott skal ha høg kvalitet, bli arrangert kvart eller annakvart år og vare i minst to dagar.

Dei nye festivalane som fekk støtte frå ordninga i 2001, var Essens Musikkfestival (Fredrikstad), Jørn Hilme Stemnet (Fagernes), Norsk Countrytreff (Breim) og Vinterfestuka (Narvik), som har etablert seg som viktige festivalar innanfor ulike musikkområde.



Ved utlysinga av midlar til festivalar for 2002 har Kulturrådet opna for å kunne søkje tilskott for inntil tre år. Tilsegner om fleirårige tilskott er gitt på vilkår av at søkeren kan dokumentere tilskott frå eigen region for den omsøkte perioden.

FONOGRAMOMRÅDET

Kulturrådet vil betre formidlinga av komposisjonsmusikk frå Noreg ved å støtte utgivingar gjennom Klassikarstøtta for fonogramområdet. Støtta blir gitt til innspeling av verk som har varig verdi eller som det av kulturhistoriske grunnar er viktig å dokumentere.

ÅRET I TAL

Avsetjing 2001 Norsk kulturfond	kr 50 258 000
(2000 kr 47 425 000)	

Søknader	572
(2000 754)	

Samla søknadssum	kr 145 031 932
(2000 kr 110 048 945)	

MIDLANE BLEI NYTTA SLIK:

Tilskott til musikkfestivalar	kr 21 406 000
Innkjøpsordninga for fonogram	kr 6 162 000
Ensemble, einskildtiltak	kr 8 023 000
Ensemblestøtte (prosjektstøtte)	kr 6 000 000
Andre tiltak	
Tingingsverk	kr 2 480 000
Klassikarstøtte for fonogramområdet	kr 2 000 000
Andre tiltak	kr 4 187 000
Sum	kr 50 258 000

Sjå elles oversikt over løyingar og innkjøp bak i årsmeldinga

MUSIKK

14

Det blir òg gitt tilskott til kvalitetsutgivingar for barn og unge, og til formidling av kulturarven i Noreg gjennom støtte til utgivingar av «historiske opptak» og prosjekt som dokumenterer utøvartradisjonar i Noreg.

INNKJØPSORDNINGA FOR FONOGRAM

Kulturrådet gir støtte til ein brei produksjon og distribusjon av kvalitetsfonogram med musikk av opphavsmenn og utøvarar i Noreg gjennom Innkjøpsordninga for fonogram.

Det blei gjort endringar i distribusjonen av innkjøpte fonogram til norske mottakarar i 2001. Biblioteka blir prioriterte framfor musikkolane i utvalet av nye mottakarar, men kommunar som til no har vore representerte med berre ein mottakar skal ikkje risikere å falle heilt ut av ordninga.

72 fonogramtitlar blei kjøpt inn etter to vurderingsrundar i 2001.

TURNÉ- OG ARRANGØRSTØTTE TIL POPULÆR-MUSIKALSKE SJANGRAR

Norsk kulturråd gir støtte til arrangørar og artistar på turné innanfor dei populærmusikalske sjangrene. Målgruppa er utøvarar og grupper, managerar og plateselskap og arrangørar på spelestader. Artistar med eit nyskapande og personleg uttrykk innanfor sin sjanger, og med eit marknadspotensiale for lansering og arrangørar som kan vise til ein spennande programprofil innanfor feltet, blir prioriterte.

TILSKOTT TIL LOKALE MUSIKKTILTAK

Tilskottordninga for lokale musikktiltak rettar seg mot aktørar i det lokale og regionale musikklivet og står konsertverksem og andre prosjekt. Støtteordninga søker å vere med på å gi stabilitet og kvalitet i det lokale og regionale arrangørleddet. Ordninga er med på å komplettere dei andre satsingane. Til dømes blir det gitt støtte til mindre musikkfestivalar som ikkje tek mot tilskott frå festivalstøtteordninga. I

tildelingane prøver ein å få til ei god geografisk og sjangermessig spreiing av midlane.

Kulturrådet gjorde endringar i ordninga i 2001, og har m.a. innført fire søknadsfristar i året. Omlegginga har fått gode tilbakemeldingar frå tunge aktørar i det lokale og regionale musikklivet. På grunn av endringane er søknadsmassen vesentleg redusert frå 2000 (ca 2 400 søknadar) til 2001 (ca 1 300 søknadar). Søknadene for 2001 er meir gjennomarbeidde med omsyn til budsjettering, planlegging osv., og det gjennomsnittlege støttebeløpet er høgare. Dette er eit utviklingstrekk som Kulturrådet ønskjer skal halde fram i 2002.

TILSKOTT TIL EINSKILD TILTAK UNDER KAPITTEL 320, POST 74

Kulturrådet fordelte 40 millionar kroner i statstilskott til 17 einskildt tiltak innanfor musikkområdet i 2001. Desse musikktiltaka fekk auka statstilskottet sitt i 2001:

NOTAM

Norsk nettverk for Teknologi, Akustikk og Musikk (NOTAM) utviklar teoretisk og praktisk kunnskap om bruk av teknologi innanfor kunstproduksjon og musikkformidling, og har bygd opp eit variert og sterkt fagmiljø med spesiell kompetanse på koplinga mellom teknisk kompetanse og kunstnarisk verksem. NOTAM stod ved årsskiftet 2000/2001 utan dei midlane som Universitetet i Oslo (UiO) tidlegare hadde lagt inn i verksemda. Ei vidareføring av verksemda til NOTAM var heilt avhengig av ein monaleg auke av statstilskottet. Kulturrådet auka derfor tilskottet med ein million kroner til etablering av NOTAM utanfor UiO.

Musikkverstadordninga

Tilskottet til musikkverstadordninga som blir organisert av Norsk Musikkråd, blei styrka med ein million kroner for å inkludere det fleirkulturelle musikkmiljøet i eksisterande nettverk og støtterordning. Auken var ei vidareføring av tidlegare tilskott frå Kulturrådet sitt Mosaikk-program til denne fleirkulturelle satsinga.

Norsk Jazzforum – formidlingsverksem

Formidlingsverksemda til Norsk Jazzforum består av turné- og konsertproduksjon, støtte til medlemsjazzklubbar, tildeling av prosjektstøtte og støtte til medlemsstorbands. For å gjøre det mogeleg å utvikle spelestadnettverket, blei tilskottet auka med ein million kroner.

Norsk Musikkinformasjon

Hovudformålet for Norsk Musikkinformasjon (NMI) er å informere om og distribuere norsk musikk i inn- og utland og å legge til rette informasjonsmateriell og formidle opplysningar om musikklivet i Noreg. Institusjonen er prega av å ha for mange oppgåver i høve til ressursane som verksemda rår over. Kulturrådet auka derfor tilskottet med 0,5 millionar kroner.



Norsk barokkorkester blei oppretta i 1988 som eit profesjonelt, uavhengig orkester som brukar originalinstrumenter. Dei har spesialisert seg på tysk og fransk barokkmusikk, nådd eit stort publikum og hausta glitrande omtale i fleire land. Norsk aksjent manglar heller ikkje. I 2001 gav orkesteret ut ein CD med Bach-musikk på Linn Records. Orkesteret er støtta av Norsk kulturråd.

Vidare blei det gitt auke til Norsk Folkemusikk- og Danselag (kr 500 000), Musikk og ungdom (kr 200 000) og Norsk Jazzarkiv (kr 100 000). Utover dette blei det lagt inn i tilskottssummane ein auke på ca. 3% på grunn av prisomrekning. Nye einskildtiltak som fekk støtte under post 74 var Hell Bluesfestival (kr 500 000) og Cosmopolite (kr 350 000).

UTGREIINGAR PÅ MUSIKKFELTET

Norsk Musikkinformasjon hadde i 1999 vore i verksemd i 20 år og ønskete at det blei gjort ei evaluering av verksemda. Kulturrådet tok på seg oppgåva, m.a. fordi NMI i si tid starta som eit forsøksprosjekt under Kulturrådet, og fordi verksemda til NMI er avgjerande for dei delane av musikkområdet som Kulturrådet tradisjonelt har engasjert seg i. Utgreiinga blei ferdig og lagt fram våren 2001.

Utgreiinga «*Men vi skal koma i hug at tradisjonen alltid vert opplyst og omskapt...*» om folke-musikken blei sett i gang på initiativ frå organisasjonane på folkemusikkfeltet. Rapporten blei levert hausten 2001 og har gitt eit utgangspunkt for folkemusikkorganisasjonane for å samarbeide om oppgåvefordeling og for å markere musikkpolitiske utfordringar på feltet.

Festivalene si rolle som formidlarar og aktørar i musikkfeltet vil bli teke opp i utgreiinga «Kunststoffentligheter» som er under arbeid i regi av utgreiingseininga i Norsk kulturråd. Dette vil gi Kulturrådet høve til betre å leggje til rette tiltaka overfor arrangørar og formidlarar på musikkfeltet.

Kulturrådet har på vegner av Kultur- og kyrkjedepartementet hausten 2001 sett i gang ei utgreiing om dei frie musikkensembla. Utgreiinga er ikkje ei evaluering av tilskotta frå Kulturrådet til musikkensembla, men vil likevel ta for seg dei verknadene denne ordninga har og har hatt på dette feltet.

Det er òg sett i gang ei utgreiing om populärmusikken. Målsetjinga er å skape eit grunnlag for å vurdere dei musikkpolitiske utfordringane på feltet. Vidareutvikling av tilskott til prosjekt på populärmusikkfeltet er ei prioritert oppgåve.

TIISKOTTSORDNINGANE KAPITTEL 320, POST 74

Tilskott til lokale musikktiltak (LOK) kr 5 603 000

For 2001 er det handsama rundt 1 300 søknader med ein samla søknadssum på ca. 31 millionar kroner, av dette er 650 søknader gitt ei samla støtte på 5,6 millionar kroner.

Turné-, transport- og festivalstøtta til rock og beslektade musikkformer kr 4 017 000

I år 2001 kom det inn 313 søknader med samla søknadssum på 27,6 millionar kroner. Budsjettet har vore kr 4 017 000, som blei fordelt på 111 tildelinger. Det er gitt tilskott til desse formåla:

Artister på turné i Noreg	kr 827 000
Artister på turné i utlandet	kr 1 717 500
Festivalar og arrangørar	kr 1 617 000

Sjå elles oversikt over løyingar og innkjøp bak i årsmeldinga

SCENEKUNST

Støtteordningane til Kulturrådet er avgjerande for aktørane på det ikkje-institusjonelle scenekunstfeltet og er den einaste finansieringskjelda der sakshandsaminga er underlagt kunstfagleg kompetanse. Det blir arbeidd kontinuerleg med å få oversyn over feltet for å betre forholda for produksjon, formidling og distribusjon og auka ressursutnytting. I aukande grad samarbeider utøvarar i det frie feltet òg med institusjonsteatra, og Kulturrådet prøver ut modellar for å utvikle gode strukturar på området. Prosjekta Nettverk for scenekunst og Gjestespelordninga blei sett i gang med dette for auge i 1999, og dei har avdekt behov for vidare oppfølging.

Den planlagde evalueringa av støtteordninga til fri scenekunst blei gjort av Sigrid Røyseng og Nils Asle Bergsgard ved Telemarksforskning i 2001. Rapporten fekk tittelen *Ny støtteordning – gamle skillelinjer* (sjå Utgreiing). I september blei det halde presseseminar om evalueringa, og fagleg utval for scenekunst inviterte det departementsoppnemnde scenekunstutvalet og referansegruppa for opera- og ballettfomidling til diskusjon om støtteordninga og evalueringa.

Rapporten er sendt til det statlege scenekunstutvalet som greier ut heile det nasjonale scenekunstområdet. Utgreiinga deira kom i april 2002. Båe utgreiingane skal sendast til høyring, og det endelige resultatet av arbeidet kan få konsekvensar for Kulturrådet sine tiltak på feltet.

Det er framleis stort press på støtteordninga for fri scenekunst som skal dekkje heile det ikkje-institusjonelle feltet med alle sjangrar innanfor dans og teater i heile landet og femne om eit stadig aukende tal på nyutdanna aktørar i tillegg til dei meir etablerte.

I samband med handsaminga av statsbudsjettet for 2002 blei det lagt føringar for einskildpostar under fri scenekunstordninga. Det blei debatt om saka, scenekunstkonsulenten sa opp stillinga si før jul og fem av dei sju medlemmene i fagutvalet la ned verva sine.

GJESTESPEL

Forsøksprosjektet til støtte av gjestespel blei starta i 1999 for å betre formidling og distribusjon av produksjonar både frå den frie scenekunsten og frå institusjonsteatra, og for å styrke utvekslinga av scenekunst i Noreg og mellom Noreg og omverda. Alt det første året blei det i statsbudsjettet bede om vidareføring av ordninga, og ein førebur ei evaluering.

Søknadsmassen i desse åra vitnar om eit stort udekt behov, og støtta har opna for lansering av fleire prosjekt ved internasjonale festivalar og har betra spelrommet for produksjonar rundt i Noreg.

«MENS VI VENTER PÅ OPERAEN»

«Mens vi venter på operaen» er eit treårig prøveprosjekt som starta i 2001. Formålet er å stø og styrke miljøa som produserer musikkdramatikk. Produksjon og formidling av nyskrivne norske musikkdramatiske verk og presentasjon av internasjonal musikkdramatikk frå dei siste hundre åra, blir prioritert. Midlane skal gå til kompetanseoppbyggande aktivitet, og til å stimulere nye arbeidsmetodar og eit oppdatert scenisk samtidsuttrykk. Det blir òg gitt støtte til toppfinansiering av prosjekt og gjestespel. Styringsgruppa for prosjektet er tverrfagleg forankra i Kulturrådet sine fagutval for musikk og scenekunst. Mellom prosjekt som har fått tilskott i 2001, kan vi nemne samanslutninga Osloopera.net som får støtte til realisering av seks operaframstillingar i perioden 2001 til 2003, Opera Omnia til barneframstillinga 3x3 og Opera Vest til utvikling av nye musikkdramatiske prosjekt i 2002.

Utviklinga av norske samtidsverk blir òg støtta gjennom tingingsverkstøtta for musikk og manusutviklingsstøtta for scenekunst.

METEOR

Ved Teatergarasjen BIT i Bergen har Kulturrådet i tre år støtta etableringa av Oktoberdans, ein internasjonal dansefestival som blir arrangert annakvart år. Festivalen har fremja utveksling av danseprosjekt og vist fram mange av dei yngre norske dansarane og koreografane. Teatergarasjen etablerer no, saman med Danse- og Teatersentrum i Oslo, teaterfestivalen Meteor for å vise nye teaterprosjekt. Meteor skal alternere med Oktoberdans. I samarbeid med Norsk Scenekunstbruk under Danse- og Teatersentrum vil produksjonane få fleire visingar og aktørane vil få høve til å nytte internasjonale nettverk og utvekslingsmogelegheiter.

NEW STAGES

I februar heldt styringsgruppa for Mosaikk, saman med fagleg utval for scenekunst, eit fagseminar med engelske innleiarar for å gi eit bilet av utviklinga i engelsk teater med omsyn til integrering av kulturelt mangfald, og for å synleggjere skilnader til og muligheter i norsk scenekunst. Det er løyvd



Jo Strømgrens dansekompani erobrar stadig nye uttryksformer og geografiske område. Førstillinga THERE handlar om grensesona mellom aust og vest og er dansekompaniets mest suksessrike, nokon sinne. I 2001 vart ho spela nærare 70 gonger i ti forskjellige land. Prosjektet er støttet av Norsk kulturråd.

Foto: Knut Bry. © Jo strømgen Company

utviklingsmidlar/stipend til utøvarar i Noreg som ønskjer å oppdatere seg og konsultere dei engelske scenene for å utarbeide eigne konsept.

HISTORISKE SPEL/FRILUFTSSPEL

For 2001 blei midlane til støtteordninga lagt inn i Kulturfondet, etter året før å ha vore ei delegert forvalningsoppgåve frå Kultur- og kyrkjedepartementet. Etter departementet sine retningslinjer blei tilskottet gitt som eingangsstøtte for å gi eit ekstra lyft til produksjonar som hadde nådd høg kvalitet og var forankra i det lokale kulturlivet både med omsyn til kunstnarisk medverknad og økonomisk støtte. 24 prosjekt fekk kr 1 530 000 i støtte frå ordninga etter vurdering av 44 søknader med ein samla søknadssum på kr 3 566 000.

ÅRET I TAL

Avsetjing scenekunst 2001 (2000)	kr 5 680 000 kr 3 430 000
-------------------------------------	------------------------------

Søknader (2000)	348 180
--------------------	------------

Samla søknadssum (2000)	kr 44 049 935 kr 12 931 478
----------------------------	--------------------------------

MIDLANE BLEI NYTTA SLIK:

Ny norsk dramatikk Koreografi Andre tiltak scenekunst Scenekunst og ny teknologi Historiske spel/friluftsspel	kr 1 341 000 kr 800 000 kr 1 226 000 kr 818 000 kr 1 530 000
---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	--------------------------------------------------------------------------

Sum	kr 5 680 000
------------	---------------------

Overført til 2002

35 600

FRI SCENEKUNST

Avsetjing til fri scenekunst 2001 (2000)	kr 29 046 000 kr 28 200 000
---------------------------------------------	--------------------------------

Søknader (2000)	367 320
--------------------	------------

Samla søknadssum (2000)	kr 215 590 061 kr 146 375 000
----------------------------	----------------------------------

Sjå elles oversikt over løyingar og innkjøp bak i årsmeldinga

KULTURVERN

Kulturrådet har som mål å verne kulturarven i Noreg og gjøre kulturrediane betre kjende og tilgjengelege for flest mogeleg. Kulturrådet ser på musea som viktige institusjonar for vern og formidling av nasjonal og lokal identitet og kultur og vidareføring av kunnskap inn i vår eiga tid. Rådet meiner samstundes at det er viktig å sjå verksemda ved musea og kurvernarbeidet utanfor museumssektoren i samanheng og som integrerte delar av kulturarbeidet. Såleis kan både ekstraordinære tiltak ved musea, men òg prosjekt initiert av t.d. fylkeskommunar, kommunar, friviljuge lag og organisjonar, forlag og privatpersonar få støtte frå Kulturrådet. I det heile støttar Kulturrådet ei rekke prosjekt over et breitt spekter, tiltak som ofte fell utanfor dei tradisjonelle støtterordningane på kurvernområdet. I 2001 blei det gitt støtte til i alt 137 kurvernprosjekt, av dei 45 ved musea. Store delar av avsetjinga gjekk til formidlings tiltak som utstillingar, film-/videoprosjekt og fagbøker.

Kulturrådet har gjennom ei årrekke lagt vekt på å støtte tiltak på dei områda innanfor kurvernarbeidet som står fram som forsømte, eller der det er avdekt spesielle behov. I 2001 er prosjekt relatert til samtidsskematiasjon, der fleirkulturelle Noreg, kystkultur, foto- og arkivbevaring og prosjekt med vekt på formidling til barn og unge blitt særleg prioritert.

SAMTIDSOKUMENTASJON

Samtidsskematiasjon har inntil nyleg vore ein sporadisk utført aktivitet ved dei norske musea. Eyna og viljen til å spegle den kulturelle kompleksiteten i samtida er derfor ei stor utfordring for sektoren. Kring tusenårsskifret har særleg Noregs Museumsforbunds tusenårsprosjekt Dokument 2000 peika seg ut som eit tiltak som kan få mykje å seie for denne sida ved verksemda til musea. Kulturrådet har løyvd i alt tre millionar kroner til det treårige fellesprosjektet, av dei 1,2 millionar kroner i 2001. Prosjektet dokumenterer viktige

sider ved norsk kultur og samfunnsliv kring tusenårsskifret. Løyvingane frå Kulturrådet er fordelt over tre år og øyremerkte til i alt 21 delprosjekt som fell inn under temabolkanane *Det fleirkulturelle Noreg, Generasjonane – barn, ungdom, voksen og Private og offentlege rom*.

DET FLEIRKULTURELLE SAMFUNNET

Kulturrådet ser på musea som stader der både nasjonale minoritarar og nye ikke-vestlege innvandrarar og flyktningar som er komne til landet dei siste tiåra bør kunne oppleve kulturelle uttrykk som speglar eigen identitet og kulturarv. Like viktig er det at andre får kunnskap om kulturen og eigenarten til desse minoritetane. Det fleirkulturelle Noreg er ein av temabolkanane i Museumsforbundet sitt prosjekt Dokument 2000. Kulturrådet løyvd i 2001 midlar til vidareføring av Glomdalsmuseet sitt prosjekt for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til taterfolket. Det blei òg løyvd midlar til andre viktige og interessante prosjekt på området, m.a. Norsk Folkemuseum sitt prosjekt «Norsk-jødisk dokumentasjon», der målet er å dokumentere den viktige jødiske innvandringsperioden (1880–1920) og den kulturen som oppstod og var levande fram til krigen. Kulturrådet støttar òg prosjektet «En by – Flere kulturer», som skal bli ein dokumentar om muslimsk og jødisk innvandring til Trondheim gjennom 100 år. Prosjektet skal samanlikne royslene til dei to minoritetane og vere med på å bygge bru mellom dei. Formidlinga rettar seg òg mot eit generelt publikum, særleg skoleungdom. Prosjektet er eit samarbeid mellom Klipp & Lim Media og Det Jødiske Museum i Trondheim.

Kulturrådet har vidare gitt støtte til prosjekt som synliggjer kvensk, samisk og skogfinsk kultur. Nord-Troms Museum skal skipe ei utstilling som kastar lys over funksjonen til Skibotn-marknaden som møtestad mellom samar, kvener og nordmenn på Nordkalotten, medan Rørosmuseet har teke initiativ til ei utstilling om sørsamisk kulturhistorie. Finnskogen kulturverksted i Grue Finnskog fekk støtte til å etablere eit hydarkiv for skogfinsk musikk og språk.

FAGLITTERATUR

Taler på søknader om støtte til trykking av kurvernrelaterte fagbøker av nasjonal verdi har auka monaleg dei siste ti åra. Berte i 2001 kom det inn kring 40 søknader, av desse fekk 22 støtte frå Kulturrådet. Blant utgivingane finn vi boka *Christian H. Grosch. Arkitekten som gav form til det nye Norge*, redigert av Elisabeth Seip, *Hulda og heimen* av Berit Anderson, som skildrar korleis Hulda Garborg skapte heimen Labråten i Asker, Dag Sveen si bok *Folkekunstens fødsel og død. Norsk treskjering fra folkekunst til nasjonalt kunsthåndverk 1849–1879* og bokverket til Gro Stangeland og Eva Valebrokk: *Norges bedste Værn og Fæste. Nasjonale festningsverk*, som git ein presentasjon av historia til norske festningar og kva dei har hatt å seie for forsvaret både riks-politisk og lokalt.



Taterane sitt liv og historie vert no dokumentert. Glomdalsmuseet, støtta av Norsk kulturråd, står bak eit informasjons- og formidlings-senter for taterkulturen som skal opna i 2005.

Foto: Burny Iversen

TEKNISKE OG INDUSTRIELLE KULTURMINNE

Tilrettelegging for museal verksem og formidling ved dei åtte utvalde tekniske og industrielle kulturminna til Riksantikvaren er framleis eit prioritert område i Kulturrådet sitt arbeid med kulturvern. Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter fekk støtte til å slutføre arbeidet med publikums-mottaket og Sjølingstad Uldvarefabrik til vidare arbeid med utomhusplanen sin. Kulturrådet løyvde òg midlar til Norsk Vassdrags- og Industristadmuseum til dokumentasjon av kraftanlegget som blei freda i 2000. Mellom reine formidlingsprosjekt på området fekk Norsk Fiskeindustri-museum støtte til vandreutstillinga «Den frosne smelteidig» – om kulturmøte mellom innvandrarar og nordmenn i fiskeindustrien.

ANDRE KULTURVERNPROSJEKT

Kulturrådet har gitt støtte til arbeidet med å etablere magasin og visingsstad for dei unike teaterkulissane ved Fredrikshald Teater i Halden. Halden Historiske Samlingar har i fleire år vore på leiting etter ei permanent løysing både for lagring og formidling. I 2001 lukkast ein med å finansiere kjøp av Misjonshuset, som etter ei ombygging vil høve framifrå som visingsstad og magasin for kulissane. Rørosmuseet fekk støtte til det treårige prosjektet «Husadopsjon Røros», der målet er ei haldningsendring mellom elevane i grunnskulen. Bakgrunnen er at museet hausten 1999 opplevde hærverk på freda bygningar i form av tagging og innbrot. Ein kom fram til at ei løysing kunne vere at elevane adopterer kvart sitt hus og arbeider med alt frå oppmåling og restaurering til móblering av husa. Elles gav Kulturrådet støtte til Redningsselskapet sitt arbeid med restaurering av redningsskjøta RS 14 Stavanger som blei bygd av Colin Archer i 1901.

ÅRET I TAL

Avsetjing 2001	kr 13 503 000
(2000: kr 12 693 000)	
Søknader	253
(2000:	276
Samla søknadsum	kr 82 400 000
(2000: kr 73 000 000)	

MIDLANE BLEI NYTTA SLIK:

Ekstraordinære tiltak ved dei kulturhistoriske musea	kr 5 600 000
Andre kulturverntiltak	kr 7 903 000
Sum	kr 13 503 000

Posten Andre kulturverntiltak blei nyttta slik:

Tekniske og industrielle kulturminne	kr 2 045 000
Faglitteratur	kr 853 000
Film, foto og video	kr 1 470 000
Arkivtiltak	kr 280 000
Andre tiltak	kr 3 255 000

Sum	kr 7 903 000
------------	---------------------

Sjå elles oversikt over løyingar og innkjøp bak i årsmeldinga

KULTURBYGG OG ROM FOR KUNST

Kulturrådet ønskjer å stimulere til nyskaping av arkitektur og innhaldet i kulturbygg. Kulturrådet har også som ei hovedmålsetting å vere med på å realisere bygg for produksjon og formidling av nyskapande profesjonell kunst og å hjelpe til å heve den arkitektoniske og funksjonelle kvaliteten i visningslokale for kunst. Lokale og regionale spesialiserte kulturbygg, som til dømes galleri, teater og konserthus går inn under denne støtteordninga, medan Kultur- og kyrkjedepartementet forvaltar støtteordningar for nasjonale kulturbygg og for lokale og regionale allmenne kulturbygg som til dømes møte- og forsamlingshus.

Norsk kulturråd har i 2001 prioritert bygg som dekkjer behov innanfor dei andre ansvars- og satsingsområda til rådet. Bygg som rommer produksjon og formidling av profesjonell kunstnarisk verksemd innanfor scenekunst, biletkunst og musikk – bygg som gir kunsten hus – har vore prioritert.

Generelt blir det lagt vekt på at nybygg, tilbygg og ombyggingsprosjekt får arkitektoniske kvalitetar som dekkjer behova til prosjektet.

PROSJEKT KUNSTFABRIKKEN

Kunstfabrikken er eit initiativ frå biletkunstnaren Morten Viskum for å rehabilitera gamle Vestfossen cellulosefabrikk i Øvre Eiker i Buskerud. Formålet er å skape ein kunstnarstyrd visingsstad for samtidskunst som kan romme store installasjoner, gruppeutstillingar og tverrkunstnarlege prosjekt. Kunstfabrikken ligg sentralt til langs «Sølvvegen», som er eit samarbeidsprosjekt mellom Nøstetangen Museum, Fossesholm Herregård, Norsk Bergverksmuseum, Lågdalsmuseet, Vassdragsmuseet Labro og Kongsberg Jazzfestival. Det blir arbeidd for å utvikle eit samarbeid om sams driftsordningar med dei andre institusjonene langs «Sølvvegen». Arkitektonisk rådgivar er siv.arkitekt Magne Wiggen og Drammen Tekniske fagskole skal stå for dei bygningsmessige forandringane.

URBAN SJØFRONT I STAVANGER

Urban sjøfront er eit byutviklingssamarbeid mellom private grunneigarar i Stavanger og Stavanger kommune og femner om hamneområdet aust i byen. Det er sett ned ei arbeidsgruppe for å setje i gang kunstnariske aktivitetar i det Gamle Tou Bryggeri. Målet er å utvikle ein innovativ kunstscene i anlegget. Fire kunstnariske grupperingar er med i arbeidsgruppa: Lucky Bar, Ny musikk Rogaland, Saft og Muz (filmskaparar) og arkitektane Helen og Hard. Lucky Bar er skipa av ei gruppe unge kunstnarar og formidlarar av samtidskunst som eit alternativ til det etablerte kunstmiljøet i Stavanger.

ROM FOR KUNST

Rom for kunst er eit treårig forsøksprosjekt, der målet er å stø etablering og oppgradering av visings- og produksjonslokale for prosjektbasert kunst. Prosjektet er eit tverrfagleg samarbeidsprosjekt mellom kulturbygg, musikk, scenekunst og biletkunst.


I 2001 fekk 20 prosjekt innanfor dei ulike kunstartane støtte. Ved tildelinga er nyskapande prosjekt som er med på å vitalisere formidling og vising av samtidskunst prioritert. Innhaldet i prosjektet varierer mellom oppgradering av lokale, etablering av nye visingsstader, utvikling av nettverk og ulike formidlingstiltak. Tverrkunstnariske prosjekt blir prioritert.

Kulturrådet ønskjer gjennom Rom for kunst å samle kunnskap om kva for faktorar som bør ligge til grunn for gode produksjons- og visingsstader for kunst. Vidare ønskjer ein å skape debatt om forholdet mellom kunstnariske uttrykksformer og visingsstader. Kva for krav stiller kunstuttrykka til gode visingslokale og korleis bør desse lokala drivast?

KULTURHUSNETTVERK

Kulturrådet sitt Projektutval for Rom for kunst har gått inn i eit samarbeid med Norsk Kulturhusnettverk. Målet har vore å utforske modellar som kan auke formidlinga av samtidskunst innanfor kulturhusa. Hausten 2001 blei det arrangert ein idédugnad der representantar frå ti ulike hus var med. Nettverksdanninger og samarbeid mellom kulturhus og andre aktørar har særleg stått sentralt i diskusjonane. Kulturhuset BANKEN i Lillehammer har med bakgrunn i idédugnaden utvikla to toårige prosjekt, «sceneUNG» og «Frozen Waterfall Concerts». «scene UNG» involverer barne- og ungdomsskoleelevar i møte med profesjonelle utøvarar. «Frozen Waterfall Concerts» er ein nordisk konsertserie med utgangspunkt i uterom og vinterklima.

Av andre prosjekt som har fått støtte frå Rom for kunst, kan vi nemne Nordic Black Theatre som har fått tilskott til å etablere kulturbåten Innvik som ny scene i Oslo. Bergen Senter for Elektronisk



Kunst i Bergen (BEK) har fått midler til kuratorverksemd i Bergen Kunstforening, medan Kunstabanken Hedmark Kunstsenter i Hamar har fått støtte til utbygging av eit prosjektrrom for samtidskunst og eit toårig formidlingsprosjekt. Rom for kunst har også gitt tilskott til eit toårig formidlingsprosjekt ved Syndikatet for Transmediakunstnarar i Trondheim og ved jazzklubben BLÅ i Oslo.

ÅRET I TAL

Avsetjing 2001	kr 9 972 000
(2000	kr 9 430 000)
Overføring Rom for kunst	kr 2 000 000
Sum disponibelt	kr 7 972 000
Søknader	47
(2000	49)
Samla søknadssum	kr 32 600 000
(2000	kr 38 386 040)

MIDLANE BLEI NYTTA SLIK:

Førprosjekt	kr 120 000
Kulturbygg	kr 7 202 000
Museum	kr 450 000
Overført til 2002	kr 200 000
Sum	kr 7 972 000
Rom for kunst	
Avsetjing 2001	kr 5 710 000*
Overført fra 2000	kr 110 000
Løyvd i alt	kr 5 710 000
Rest	kr 1 000 000
Overført til 2002	kr 1 000 000

*Midlar til Rom for kunst er løyvd fra fagområda kulturbygg (2 mill). Andre føremål (3 mill), scenekunst (0,2 mill), musikk (0,2 mill) og biletkunst (0,2 mill).

Sjå elles oversikt over løyingar og innkjøp bak i årsmeldinga

BARNE- OG UNGDOMSKULTUR

Barne- og ungdomskulturområdet dekkjer både kultur for barn og unge og barn og unge sin eigen kultur. Arbeidet til rådet femner om større forsøksprosjekt, særskilde tiltak der det er dokumentert spesielle behov og støtte til prosjekt etter søknad utanfra.

Eit hovedfokus for verksemda til rådet på barne- og ungdomskulturområdet er forsøks- og utprøvingsverksemd. Ein konsekvens av at vår kultur endrar seg er at synet på barn og ungdom òg er i endring. I 2001 har rådet derfor prioritert prosjekt og tiltak innanfor kunst- og kulturområdet som speglar desse endringsprosessane. Sentralt for rådet sitt arbeid er at barn og ungdom har rett til å oppleve kunst og kultur for opplevinga si eiga skuld, ikkje som ledd i ein instrumentell tankegang. Røynsler frå arbeidet til rådet dei siste åra har synleggjort viktige utfordringar i høve til *formidling* til barn og ungdom. Det har derfor vore viktig for rådet å fokusere på utvikling av formidlingskompetanse hos kunstnarar, kulturarbeidarar og lærarar, slik at møta mellom kunstnarar og barn og ungdom i større grad skal kunne bli arenaer for *utveksling*.

KUNST FOR BARN UNDER TRE ÅR

Ut frå ei målsetjing om å gi dei aller minste barna større sjanse til å møte og oppleve profesjonell kunst, sette rådet i 2000 i gang eit treårig prosjekt som fokuserer på kunstformidling til barn frå null til tre år. Prosjektet «Klangfugl – kunst for dei minste» er for alvor kome i gang i 2001. Seksten prosjekt blei valde ut mellom ca. åtti søknader frå kunstnarar innanfor dans, teater, musikk, biletkunst og tverrkunstnariske uttrykk. I utvelginga blei det lagt vekt på kunstnarisk kvalitet og tilpassing til barn under tre år. Ein del av prosjekta er alt blitt vist på museum, galleri og i barnehagar, medan dei resterande blir ferdige våren 2002. Det har vore stor in-

teresse kring prosjektet, både frå kunstnarar, institusjonar som arbeider med barn, kommunar, fylkeskommunar og presse. Hausten 2001 blei det, på initiativ frå Norsk kulturråd, arrangert eit nordisk seminar i Danmark, der alle involverte kunstnarar og prosjektleininga var med i tillegg til andre nordiske deltakarar.

Det treårige prosjektet byggjer på røynsler frå eit eittårig forprosjekt som blei avslutta våren 1999. Ei viktig røynsle frå dette er at små barn ser ut til å kunne koncentrere seg om og ha glede av kunst og kunstopplevingar. I rapporten som kom i 2000 (NKR Notatserie nr. 36) blir det òg lagt vekt på at spørsmålet om kunstnarisk kvalitet er like viktig for små barn som for eldre barn og vaksne. I formidlinga til dei minste er både innhaldet og formidlingsforma viktig. Det er derfor nødvendig med ein kombinasjon av kunstnarisk og barnefagleg kompetanse, der den kunstnariske er basisen.

FOKUS PÅ UNGDOM

I 2001 har ungdom stått sentralt i arbeidet til rådet, både når det gjeld formidling av kunst til ungdom og med omsyn til å sleppe ungdom til med eigne kunst- og kulturytringar.

Rådet gav pengar til start av eit treårig internettbasert utprøvingsprosjekt for ungdom mellom 16 og 22 år, «trafo.no». Målsettinga er å stimulere og synleggjere ungdom sine eigne uttrykk og skapartong. Det er fokusert på skapande uttrykksformer i vid forstand og eksperimentering og nye uttrykk spesielt. Prosjektet er basert på tre hovudtenester: ei tilskottsortding der ungdom kan søkje midlar over Internett, ei konsulentteneste der søkerar kan få profesjonell hjelpe og vurdering av eigne arbeid frå kunstnarar og ressursmiljø og ein nettarena der ungdom kan vise fram eigne kunstnariske arbeid. I tillegg er det lagt opp til ei svarteneste og ein informasjonsbase der ungdom kan få hjelpe til å orientere seg i profesjonelt kunst- og kulturliv. Akershus fylkeskommune har det administrative ansvaret for prosjektet, og staben er lokalisert saman med Atelier Nord i Oslo. «trafo.no» starta i mars 2001 med eige domene på Internett og det har gjenom året vore stor aktivitet både på nettarenaen og i støtteordningane. Prosjektet blir prosessevaluert av Jorunn Spord Borgen ved NIFU.

Prosjektet Ungdom og Scenekunst, som starta i 1998, er ført vidare. Sju frie scenekunstgrupper har i 2001 fått støtte til å formidle eksisterande eller vidarearbeidde framsyningar til ungdom i vidaregåande skolealder. Eit hovudmål har vore å gi gruppene høve og rom til å utvikle kompetanse på formidlings- og produsentverksemd. Gruppene har nytta m.a. Norsk Scenekunstbruk og andre formidlingsnettverk. Det har vore lagt vekt på at Kulturrådet og andre aktørar innanfor scenekunstmiljøa skal kunne nytte dei røyslene og kunnskapane gruppene har tileigna seg. Prosjektet har blitt evaluert internt i 2001.

Rådet har videreført det treårige litteraturprosjektet «Millitt». Gjennom prosjektet blir det utvikla ulike former for litteratur- og skrivertilbod til ungdom under 25 år i mil- itæret og i lokalsamfunnet rundt leiran. (Sjå Litteratur)

UTSMYKKING OG UTFORMING AV SKOLEANLEGG

Utsmykking og utforming av uteareala ved skolane er blitt prioritert i 2001. Rådet har videreført støtten sin til et treårig prosjektsamarbeid med Norsk Form og Utsmykkingsfondet for offentlege bygg om utsmykking og utforming av tre skoleanlegg: Henningsvær skole i Lofoten, Otta skole i Sel kommune og Nøklevann skole i Oslo. Prosjektet skal m.a. gi røynsler med samarbeid mellom kunstnarar, elevar og lærarar i ein utsmykkingsprosess der høg kunstnarisk kvalitet er ein viktig premiss. Det har blitt halde to seminar i 2001 for alle som er med i prosjektet.

DEN KULTURELLE SKOLESEKKEN

Regjeringa si satsing «Den kulturelle skolesekken» blei sett i gang våren 2001 med midlar frå Kultur- og kyrkje-departementet og Utdannings- og forskningsdepartementet. Kulturrådet har vore representert i arbeidsgruppa for prosjektet. Ein konsekvens av dette landsfemnande prosjektet er ein auka etterspørsel frå kommunar og skolar etter gode kunstprodukt. Kulturrådet har på ulike måtar arbeidd med å møte utfordringane som er knytte til kunstproduksjon for barn og ungdom.



Trafo.no er et prosjekt for skapande unge i alderen 16–22 år. Her kan dei soke pengar, få rettleiring frå profesjonelle kunstnarar og publisere eigne bilde. Talent, skaparevne og breidde er nøkkelord. Fotografen bak dette bildet, Koloa 23, er 20 år.
Foto: Hans C. Skovholt

ÅRET I TAL

Avsetjing 2001	kr 8 075 000
(2000)	kr 7 590 000
Søknader	120
(2000)	205
Samla søknadssum	kr 26 423 138
(2000)	kr 10 628 095

MIDLANE BLEI NYTTA SLIK:

Arkitektur og utsmykking	31 200
Barne- og ungdomsblad	240 000
Biletkunst	131 000
Scenekunst	633 000
Film og medium	35 000
Litteratur	550 000
Musikk	30 000
Kulturvern og museumstiltak	275 000
Fleirkulturelle prosjekt	575 785
Større utviklingsprosjekt	4 032 709
Publikasjonar/evaluering	100 306
Andre prosjekt	1 441 000
Sum	8 075 000

Sjå elles oversikt over løyingar og innkjøp bak i årsmeldinga

MOSAIKK – Kunst og det fleirkulturelle samfunnet

Kulturrådet sitt utviklingsprogram for kunst og det fleirkulturelle samfunnet – Mosaikk, blei starta i 1998 på bakgrunn av framlegg i St.meld. nr. 47 (1996–97) «Kunstnarane».

Programmet har hatt som mål å:

- vere med på å fremje og integrere fler- og tverrkulturelle uttrykk i dei etablerte kunst- og kulturpolitiske ordningane og i det daglege virket til kunstinstitusjonane
- betre sjansane for minoriteter til kulturell utfalding på eigne premiss
- betre minoritetane si deltaking i kunst- og kulturlivet som utøvarar, som publikum og som ressurspersonar

Programmet har hatt ei ramme på fem millionar kroner per år.

I planen for verksemda i 2001 vedtok Kulturrådet at Mosaikk skal avslutta som eit særskilt satsingsområde samstundes som måla for Mosaikk frå 2002 skal innarbeidast som satsingsområde i dei ordinære arbeids- og ansvarsområda for fagutvala. Kulturrådet sitt arbeid for å styrke det kulturelle mangfaldet i norsk kunstliv skal haldast ved lag.

I 2001 er det gjennomført møte med fagutvala i rådet for å diskutere strategiar og tiltak for det vidare arbeidet. I denne prosessen er det utarbeidd framlegg på samlede fagområde som handsamast i samanhend med planen for verksemda til råder for 2002.

Programmet har vore leia av nestleiaaren i Kulturrådet, Khalid Salimi. Det er oppnemnd ei referansegruppe som vil fungere ut 2002. Evaluering av Mosaikk-programmet vil ligge føre våren 2002. Det er sett i gang to evaluatingsprosjekt, eitt i regi av NIBR og eitt av Universitetet i Oslo.

Av prosjekt som har fått støtte i 2001 kan nemnast:

«AGENDA X»

«Agenda X» har kvart år sidan 1999 arrangert skriveverkstader der ungdom med minoritetsbakgrunn har møtt etablerte forfattarar, forleggjarar o.a. Kulturrådet løyvde i 2001 kr 300 000 til gjennomføringa av ein skriveverksted for minoritetsungdom frå 15 til 25 år. Verkstaden starta i mars 2001 og vil vare ut oktober 2002. Ungdom frå heile landet blir inviterte til å vere med. Gro Dahle har vore skriveverkstadsleiar og Alexander Mellie leiar for workshopane. Deltakarane får oppfølging både av forfattarar og forlag i arbeidet med eigne tekstar. Fleire av dei som er med i Agenda X er òg representerte i antologien *Svart på hvitt* som kom ut på Tiden forlag hausten 2001. Tilskottet er løyvt som eit samarbeid mellom Fagleg utval for barne- og ungdomskultur og Mosaikk.

«FRA EVENTYR TIL CYBERSPACE»

I Arendal har Mosaikk støtta prosjektet «Fra Eventyr til Cyberspace» i tre år frå 1998. Prosjektet var eit samarbeid mellom Arendal Internasjonale Kultursenter, Arendal Bibliotek, Kulturskolen i Arendal, kvinnenettverket Terra og Nettverket for innvandrarar i Aust-Agder og hadde som formål å styrke kultur- og opplæringstilbodet for barn og unge med minoritetsbakgrunn i kommunen. Etter at prosjektpериoden er over, arbeider Arendal kommune no for å innarbeide aktivitetane i det ordinære tilbodet til den lokale kulturskolen og med ei eiga satsing for kompetanseheving mellom instruktørar. Prosjektet er støtta med kr 250 000 til vidareføring og kompetanseheving i 2001.

«NEW STAGES»

«New Stages» er eit samarbeid mellom Mosaikk, Fagleg utval for scenekunst og The British Council i Oslo med sikte på å formidle røynsler frå arbeidet med kunstnarisk og kulturelt mangfald på scenekunstfelret i Storbritannia. Konferansen «New Stages» blei gjennomført i Norsk kulturråd i februar 2001 med Jatinder Verma frå teaterkompaniet Tara Arts, Isobel Hawson frå Arts Council of England, Jenny Harris frå The Royal National Theatre og Felix Cross frå musikkteateret NITRO som inndeiarar. Det ligg føre ein konferanserapport, og det er gitt støtte til sju prosjekt som skal arbeide vidare med utveksling og samarbeid med britiske institusjonar og kunstnarar.

QUEENDOM: CAFÉ SELECT

Queendom er sett saman av fire skodespelarar og songarar med afrikansk bakgrunn. Framsyninga «Queendom on the rocks» fekk stor merksemad i 1999, og gruppa fekk i 2001 støtte til eit nytt prosjekt i grenselandet mellom cabaret, satire og stand up; «Café Select». Framsyninga hadde premiere hausten 2001.



«IN TANDEM»

Prosjektet «in tandem» er eit ressurs- og opplæringssenter for profesjonelle scenekunstnarar med minoritetsbakgrunn, basert på initiativ frå dramatikaren Issak E. Issak og skodepelarane Nicola Samad og David Allen. Prosjektet har fått etableringsstøtte frå Mosaikk og produksjonsstøtte som samarbeid mellom Mosaikk og Fagleg utval for scenekunst. Produksjonen blei vist på Black Box i Oslo i november 2001.

TEATER SØLVBERGET

I Stavanger har Kulturhuset Sølvberget teke initiativ til eit teaterprosjekt der forfattaren, dramatikaren og instruktøren Mansour Koushan står sentralt. Teater Sølvberget skal vere ein profesjonelt driven teaterverkstad som legg særleg vekt på rekruttering av aktørar med minoritetsbakgrunn. Teater Sølvberget har produsert to framsyningar i 2001.

«TRANS/FORM»

I juni 2001 blei den nordiske utstillinga «Trans/Form» opna i Konstnärernas Hus i Stockholm. Utstillinga viser arbeid av ikkje-nordiske kunstnarar som bur og arbeider i eitt av dei tre landa, og blei vist i Stenersenmuseet i Oslo i juli. Prosjektet er eit samarbeid mellom Du Store Verden! og Artists in Motion frå Noreg, Stiftelsen Intercult frå Sverige og Galleri Shambala i Danmark. Tilskottet er gitt i samarbeid mellom Mosaikk og Fagleg utval for biletkunst.

Queendom er ei gruppe unge kvinner med røter frå andre verdsdelar. Deira form er underholdning, humor, satire og song, med tema som dekker rasisme og kvinnespørsmål. Dei står bak fleire førestillingar som har trekt fulle hus og har hatt oppdrag frå store organisasjoner, frå Rikskonsertane til Likestillingsrådet.
Foto: Astrid Hals

ÅRET I TAL

Avsetjing 2001	5 150 000
(2000:	5 000 000)
Søknader	56
(2000:	94)
Samla søknadssum	9 773 000
(2000:	26 625 000)
Løyvingar	49
(2000:	38)

Sjå elles oversikt over løyvingar og innkjøp bak i årsmeldinga

ANDRE FØREMÅL

Mange av søkerne som kjem inn til Norsk kulturråd fell utanom eller går på tvers av etablerte fag- og satsingsområde. Ofte tek Kulturrådet sjølv initiativ til forsøk og tiltak på område der rådet meiner det er behov for det. Desse tiltaka er ofte overfaglege og blir handsama parallelt i flere fagutval. Det er derfor sett av midlar på ein eigen disposisjonspost som gjer det mogeleg å prøve ut tiltak og idear som fell utanom ansvarsområda til fagutvala.

I 2001 gjeld dette m.a. forsøket med gjestespelordning på scenekunstfeltet, prosjektet «Mens vi venter på operaen» og støtte til produksjonsnettverk for elektronisk basert biletkunst m.m. Fleire av utgreiingane frå Kulturrådet blir òg finansiert frå denne avsetjinga. Vi viser til omtale under dei ulike fagområda.

Av prosjekt som er finansiert med midlar frå Andre føremål kan nemnast støtte i samband med 200-årsjubileet for arkitekten Christian Heinrich Grosch, «Cinema Bollywood» på Kulturslotter Soria Moria og gjestespel av Tyst Teater frå Stockholm.

ÅRET I TAL

Avsetjing 2001

Søknader

(2000: 15 644 000
16 866 000)

115
133

Samla søknadssum

(2000: 18 555 733
24 010 000)

34
33)

Løyvingar

(2000:

Sjå elles oversikt over løyvingar bak i årsmeldinga.

Norsk Fiskeindustri Museum si utstilling «Den frosne smelfedig» handlar om kultur-møte mellom innvandrarar og nordmenn med norsk fiskeindustri som bakgrunn for arbeid, busetnad og verdiskaping. Bildet viser ei finsk filetarbeidar som viser stor glede over arbeidet sitt. Utstilling støtta av Norsk kulturråd.

Foto: Scanpix bildearkiv



UTGREIING

Gjennom heile historia til Norsk kulturråd har rådet teke initiativ til, og fått gjennomført, ulike typar utgreiingar. Kulturrådet skal etter planen for verksemda «framskaffe forskningsbasert kunnskap om kulturpolitikkens virkefelt med særleg vekt på Kulturrådets ansvarsområde». I 1994 oppretta Kulturrådet ei eiga utgreiingseining, og rådet har sidan fått gjennomført ei lang rekke små og store utgreiingar og evalueringar. I tillegg til forskningsbaserte utgreiingar og evalueringar omfattar utgreiingsverksemda rådgiving og formidling. Resultat frå utgreiingar og evalueringar blir publiserte i ein rapportserie og ein notatserie.

UTGREIINGAR

I 2001 tok Kulturrådet initiativ til å setje i gang ein ny serie utgreiingar om kunstoffentlegheta i Noreg. Det finst no ei relativt brei innsikt i ulike prosessar innanfor produksjonssida i kunstfeltet, medan det manglar kunnskap om korleis ulike sider av kunstoffentlegheta utviklar seg. Mange av dei same mekanismane som har ført til endringar i kunstnarbefolkinga, i forståings- og utsynsformene til kunstnarane, i arbeidsvilkåra og organiseringa deira, må ein også vente vil medverke til omfattande endringar i kunstformidlinga, i lokalisering og organisering av arrangørkompetanse og i samansettning av og preferansar hos kunstpublikummet. Utgreiingsseksjonen har derfor sett i gang tre delutgreiingar som skal vere med på å kaste lys over dette området. Prosjektet omfattar desse tre delprosjekta: 1) Lokaliséringsprosessar i kunstformidlinga, 2) Kunstbruk – kunstforbruk. Kulturpolitikken sin konstruksjon av publikum og 3) Marginaliseringa av samtidskunsten – om samtidskunsten sin plass i mediebiletet. Utgreiingane er venta å vere ferdige i løpet av 2003.

På musikkfeltet kom det i 2001 ein rapport om folkemusikk og folkedans. Det ligg dermed føre utgreiingar på jazzfeltet, folkemusikk og symfonisk musikk. I 2001 og 2002 sette Kulturrådet i gang to musikkutgreiingar til: ei om musikkensembla og ei om norsk populærmusikk. Utgreiingane vil samla kunne gi eit kulturpolitisk bilet av musikkfeltet.

Av utgivingar frå 2001 kan vi særleg nemne:

Georg Arnestad: *«Men vi skal koma i hug at tradisjonen alltid vert oppløyst og omskapt...» Om folkemusikk og folkedans i det seinmoderne Noreg*. Utgreiinga set søker på dei viktigaste strategiske utfordringane ein står overfor på folkemusikkfeltet, og i kva grad dagens organisasjonsmønster er i stand til å møte desse. Her har det gått føre seg ei profesjonalisering og alminneleggjering, og det er svært mange dyktige musikarar. Innanfor folkedansen er det derimot krise. Medan folkemusikken langt på veg er integrert i norsk musikkliv, er folkedansen isolert. Dei fleste tradisjonelle dansearenaene er borte utan at nye er komne til. Det krevst både ei profesjonalisering og ei modernisering for å redde folkedansen.

I 2001 blei tre rapporter som inngår i utgreiinga om Strukturendringar i bokbransjen ferdige. Både rapporten frå professor Geir Vestheim *Ni liv. Om legitimitet og overlevingsevne i innkjøpsordningane for norsk skjønlitteratur* og skribent Halfdan Freihows *Den edle hensikt – helliger den midlene?* omhandlar innkjøpsordningane for ny norsk skjønlitteratur. I tillegg har utgrei Anton Fjeldstad levert rapporten: *Å sette pris på bøker*. Dei tre rapportane går inn som grunnlagsmateriale for referansegruppa for Strukturendringar i bokbransjen.

Vestheim analyserer norsk litteraturpolitikk i eit breitt samfunnsperspektiv frå 80-åra og fram til i dag. Vekta ligg på spørsmålet om innkjøpsordningane sin legitimitet og oppslutnad i forлага, hos forfatarane, mellom bibliotekarane og politikarane. Han har særleg undersøkt folkebiblioteka si rolle i innkjøpsordningane og litteraturpolitikken. Freihow har i rapporten sin utgjeidd utviklinga av innkjøpsordningane i tidsrommet 1985–2000, ut frå kva ordningane har hatt å seie for forfattarar, forlag, bibliotek og publikum. Freihow kjem med framlegg til effektiviseringar og innsparingar som kan frigjere midlar til å styrke innkjøpet av boktypar som i dag ikkje er høgt prioriterte, særleg den omsette skjønnlitteraturen, og til å utvide omfanget av innkjøpte sjangrar. I rapporten *Å sette pris på bøker* samanliknar Fjeldstad bokprissystema i ein del vesteuropäische land. Gjennomgangen tek for seg både land med fast bokpris og land med frie priser og skildrar fleire land med bokprislov og andre land som klarer seg utan både lov og bransjeavtale. Dei to skjønnlitterære forfattarforeiningane har bede Kultur- og kyrkjedepartementet om å utgreie ei lov om fast bokpris, og departementet har sendt oppmodinga vidare til Norsk kulturråd. Rapporten kan lesast som eit første steg mot ei slik utgreiing.

EVALUERING

Alle fleirårigs forsøk i regi av Kulturrådet skal evaluerast av ein uavhengig utgrei. Det blir òg lagt opp til at alle satsingsområda og støtteordningane til Kulturrådet skal evaluerast. I 2001 blei det publisert evalueringar om desse prosjekta og satsingane:

Støtteordninga for fri scenekunst blei evaluert av Sigrid Røyseng og Nils A. Bergsgard frå Telemarksforsking. I rapporten *Ny støtteordning – gamle skillelinjer* analyserer dei det frie scenekunstfeltet ut frå


eit skilje mellom ei gruppe kunstnarar som har utvikling av kunsten for sin eigen skuld som drivkraft – «dei avantgardistiske» – og ei gruppe som legg kunstpolitiske mål, som t.d. det å nå ut til eit visst publikum, til grunn for virket sitt. Forskarane hevdar at vekta på kunstfaglege verdiar og nedtoninga av tradisjonelle kunstnar- og kulturpolitiske ideal i ordninga er meir i tråd med den avantgardistiske posisjonen enn den målgruppe-orienterte. Rapporten blir sendt til høyring våren 2002.

Kunsthistorikar Jorunn Spord Borgen (NIFU) har evaluert scenekunstprosjektet LilleBox ved Black Box Teater i Oslo. LilleBox blir i ein større kulturpolitisk samanheng ein illustrasjon av kunstformidlinga sin ambivalens i forholdet til barn og unge. Det er eit gap mellom kunstnariske intensjonar og dei konkrete erfaringane som barn, unge og vaksne gjer i møtet med nyskapande kunst. Praktiske problem og uklarheit i roller kan skape uthyggelik. Borgen argumenterer for at barnefagleg og kunstfagleg kompetanse i slike tilfelle har nytte av kvarandre og at samarbeidet mellom desse feltene bør styrkast.

FORMIDLING

I 2000 blei det i alt gitt ut ti publikasjonar i skriftseriane til Kulturrådet. (Sjå eige oppslag)

Kvart år arrangerer Kulturrådet ein årskonferanse. Innlegga blir i etterkant gitt ut samla i rapportserien, og rapporten frå Kulturrådet sin konferanse i 2000 heiter *Kunst, kvalitet og politikk*. Utgreiingsseksjonen har i 2001 vore involvert i desse seminara: Årskonferansen «Rom for kunst», seminar om folke-musikk og folkedans i Noreg og presseseminar i samband med lansering av rapportar.



Ein stolt mottakar av Kulturrådets ærespris, her saman med nokon av gratulantane som var med på å forsterke kunstnaren sin uttrykk ved at dei alle var iførde masker av kunstnaerns ansikt.
Foto: Agnetha Brun, Dagbladet

KONFERANSAR OG ÆRESPRIS

ÅRSKONFERANSEN 2001 – ROM FOR KUNST

Tittelen på Kulturrådet sin årskonferanse i 2001 var *Rom for kunst – Infrastruktur for kunst og kunstformidling*. Kulturrådet ønskte å rette søkelyset mot forholdet mellom utviklinga av kunstarrane og den kunstnariske infrastrukturen. Desse spørsmåla blei spesielt sett i fokus: Korleis blir dei ulike kunstartene sine behov for produksjons- og formidlingsrom tekne vare på i den offentlege satsinga på kulturbygg? Kva er dei beste drifts- og organisasjonsformene for kunstartene sine ulike arenaer? Krevst det nyttenking og nye samarbeidsmønster og nettverksløysingar for å gi rom for kunst? Arenabehov og nye utfordringar innanfor biletkunst, scenekunst og musikk blei diskutert i parallelle seminar.

Dag to av konferansen drøfta infrastrukturen til samtidskunsten i ein større kulturpolitisk samanheng. Utviklinga av kunstnariske uttrykk og produksjonsforhold skaper behov som ein må sjå i relasjon til økonomiske, organisatoriske og geografiske spørsmål. Er forholda lagt til rette for ei samla forståing av desse problema i kunstpolitikken i dag?

Konferansen blei arrangert i Gamle Logen i Oslo 8. og 9. november og samla ca. 270 deltakarar.

ANDRE KONFERANSAR DER KULTURÅDET HAR VORE ARRANGØR ELLER MEDARRANGØR:

New Stages, 1. februar

I samarbeid med The British Council. (Sjå under Mosaikk)

Arts Policy – At Arm's Length?, 12. juni

I samarbeid med Goethe-Institut Inter Nationes, The British Council og Centre Culturel Français. Konferansen retta søkelyset mot ulike kunstpolitiske modellar i Tyskland, England, Frankrike og Noreg. Spesielt blei forholdet mellom kunsten og det politiske og forvaltningsmessige nivået i dei ulike landa drøfta. I kva grad er eller bør «armelengdes avstand»-prinsippet vere rådande for forholdet mellom kunst og politikk? Bør den offentlege støtten til kunstnariske prosjekt berre fordelast ut frå kunstnariske kriterium eller er det legitimt å bruke kriterium som t.d. geografi, kjønn og etnisitet?

Folkemusikk og folkedans i Noreg, 21. november

Seminar om Georg Arnestad si utgreiing om folkemusikk og folkedans. Sentrale aktørar drøfta utfordringane innanfor eit kulturuttrykk i spenningsfeltet mellom profesjonell kunst og fritidsbasert aktivitet. Seminaret fokuserte spesielt på desse spørsmåla: Kva for kulturpolitiske verkemiddel kan ein ta i bruk for å styrke folkemusikken og folkedansen? Er dagens organisasjonsstruktur den mest formålstenlege for utviklinga på felter?

ÆRESPRisen TIL KJARTAN SLETTEmARK

Norsk kulturråds ærespris for 2001 blei tildelt biletkunstnaren Kjartan Slettemark. Slettemark har heilt frå åtaket med øks på Vietnam-biletet hans utanfor Stortinget i 1965 vore ein svært tydeleg kunstnar i det norske kunstlandskapet, trass i hans mangeårige svenske eksil. Slettemark er popkunstnaren, performancekunstnaren og mannen med readymadecollagar. Han skaper kunst av det som er til overs. Gjennom det kunstnariske grepet sitt gir han oss høve til å sjå samfunnet og våre eigne liv i eit nytt perspektiv. Det kunstnariske virket hans er prega av eit sterkt samfunnsengasjement kombinert med ei særeigen evne til formmessig nyskaping. Slettemark sin kunst og aktive handling kan verke tilfeldig, men studerer ein dei nærare, møter ein ein sjeldan konsekvens.

Æresprisen, som blei delt ut for 33. gong, blir kvart år tildelt ein person som har gjort ein innsats som har hatt noko vesentleg å seie for norsk kunst- og kulturliv. Prisen er på 250 000 kroner, og vinnaren får òg ei løve støypt i bronse av bilethoggaren Elena Engelsen. Æresprisen 2001 blei overrekt ved ei tilstelning i Oslo Konserthus onsdag 31. oktober. Slettemark medverka sjølv med ein performance.

ASPIRANTORDNINGA

Aspirantordning blir forvalta av Norsk kulturråd etter delegert myndigheit frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

Formålet med ordninga er å lage tidsavgrensa aspirantstillingar som skal gi kunstnarar i etableringsfasen høve til å utvikle seg kunstnarisk og etablere seg i det yrket ho eller han har valt. Stillingane skal gi aspirantane høve til å betre sin eigen kompetanse og til å arbeide med kunstnariske oppgåver saman med andre i etablerte verksemder.

Profesjonelle kunstnariske verksemder innanfor musikk-, biletkunst- og scenekunstområda kan etter søknad få tilskott til å tilsetje kunstnarar i aspirantstillingar som varer inntil tre år. Ordninga omfattar 18 stillingar i lønnstrinn 17.

I fordelinga av stillingane legg Kulturrådet vekt på kva for arbeidsoppgåver aspiranten skal ha i verksemda og den kunstnariske kvalitetan på arbeidet. Dessutan tek rådet omsyn til kvalifikasjonane til den aspiranten det er søkt tilskott for, arbeidsmarknaden for den aktuelle kunstarten og geografisk fordeling.

For fjerde året blei det i 2001 gitt tilskott til 18 aspirantstillingar. Talet på søknader var 45. Stillingane blei jamt fordelte på institusjonar innanfor musikk, biletkunst og scenekunst.

Ordninga er under evaluering fram til sommaren 2002.

Desse verksemrdene/aspirantane fekk i 2001 tilskott for 2002:

MUSIKK

Midtnorsk Jazzsenter	musikar/komponist	Erlend Skomsvoll
NOTAM	komponist	Lars Petter Hagen
Nordnorsk Jazzsenter	musikar	Tore Johansen
SISU	musikar	Bjørn Skansen
BIT 20 Ensemble	musikar	Edvin Østvik
Oslo Sinfonietta	komponist	Trond Olav Reinholdtsen

BILETKUNST

Kunstnercenteret i Oppland	biletkunstnar	Anna Østerberg
Norske Kunsthåndverkere	biletkunstnar/kunsthandverkar	Lise Stang Lund
Norsk Billedhoggerforening	biletkunstnar/fotograf	Signe Marie Andersen
Atelier Nord	biletkunstnar	Jadwiga B. Podowska
Bergen senter for elektronisk kunst (BEK)	biletkunstnar	Ellen Røed
TopFloor,	biletkunstnar	Helen Torp Andersen
Lademoen Kunstnerverksteder	biletkunstnar	

SCENEKUNST

Grenland Friteater	skodespelar	Alan Lucien Øyen
Carte Blanche	dansar	Guro Nagelhus Schia
	dansar	Vegard Vinge
Den Norske Opera	regissør	Gyrid Axe Øvsteng
Det Åpne Teater	dramatikar	
Hålogaland Teater	sceneinstruktør	Nora Evensen



EUs KULTURPROGRAM – KULTUR 2000

Kultur 2000 er EUs rammeprogram for kultur. Programmet femner om heile kulturspekteret med unntak av mediafeltet. Kultur 2000 blei vedteke i 2000 for fem år (2000–2004) og det er totalt løvd 167 millioner euro (ca. 1,33 milliardar kr).

28 land tek del i Kultur 2000: dei femten medlemslanda i EU, dei tre EØS/EFTA-landa (Island, Liechtenstein og Noreg) og ti kandidatland i Sentral- og Aust-Europa.


Kultur 2000 har som generelle mål å fremje kulturdialogen i Europa og med andre kulturar i verda, stimulere til nyskapning, mobilitet og bevaring av den europeiske kulturarven og å betre tilgjenget til kultur for eit breitt publikum. Gjennom rammeprogrammet gir EU støtte til samarbeidsprosjekt og nettverk mellom kulturoperatørar frå fleire europeiske land.

Fra og med 2002 set EU fokus på eitt spesifikt område kvart år. I 2002 blir visuell kunst prioritert. I 2003 vil ein fokusere på utøvande kunst som femner om scenekunst, musikk, opera og nysirkus. Kulturarvprosjekt blir satsingar i 2004. I tillegg vil litteratur, i hovudsak omsetjingar, vere ei årleg prioritering fram til 2004.

Kultur- og kyrkjedepartementet har det overordna nasjonale og politiske ansvaret for Noreg si deltaking i Kultur 2000. Alle deltarland har i samarbeid med EU oppretta eit nasjonalt kontaktpunkt for kulturprogrammet. I Noreg er informasjons- og rådgivingstenesta lagt til Norsk kulturråd. Arbeidet går føre seg i samarbeid med Norsk museumsutvikling, Riksantikvaren og NORLA (Norsk litteratur i utlandet). I samband med utlysing av midlar frå EU i 2001 arrangerte Norsk kulturråd informasjonsmøte om Kultur 2000 i Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand og Tromsø i samarbeid med kommunar og fylkeskommunar. I tillegg til informasjon og rådgiving formidlar Kulturrådet kontaktar i Europa for norske organisasjoner som søker samarbeidspartnarar i andre europeiske land. I 2001 lanserte nettverket av nasjonale kontaktpunkt ein europeisk partnar- og prosjektdatabase der kulturoperatørar kan legge ut informasjon om sitt prosjekt eller bli med på prosjekt leidd av andre europeiske organisasjoner.

EU-STØTTE TIL NORSKE KULTURPROSJEKT I 2001

Tre prosjekt med norsk leiing fekk støtte i 2001. I kategorien eittårige prosjekt av nyskapande eller eksperimentell karakter fekk Ultima støtte til gjennomføringa av festivalen. I kategorien eittårige europeiske kulturarvslaboratorium fekk Stiftelsen



Nysirkus har gitt mange ei ny oppleving, både som tilskodar og deltagar. Dette bildet er frå Nyttårskonsernet arrangert at Norsk kulturskoleråd og NRK 1. Jenta heter Kristin Klyve Sunde og er tretten år.
Foto: Arne Nordtømme

Bryggen i Bergen tilskott til utvikling av nye restaureringsmetodar. I kategorien fleirårige prosjekt ved europeiske nettverk fekk Norsk Kulturskoleråd ca. 750 000 euro (ca. seks millionar kr) til framføring av nysirkus.

